



Og Arkitekter AS  
Magdalena Konopka  
Kanalveien 11  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1546 - 18/17865

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
29.08.2018

## Godkjenning - Søknad om igangsetjingsløyve del 2 - GBNR 22/260 - Driftstasjon Mjåtveit

**Administrativt vedtak. Saknr: 221/2018**

**Tiltakshavar:** Meland kommune  
**Ansvarleg søker:** Og arkitekter AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Ansvarleg søker har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til igangsetting for resterande arbeid knyta oppføring av driftstasjon på gbnr. 22/260, Mjåtveit Næringspark.  
Vi viser til søknad med vedlegg, journalført motteke 20.08.2018.

#### VURDERING:

##### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsetjingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

#### Lov- og plangrunnlag:

Det følgjer av pbl § 21-4 tredje ledd at løyve etter plan- og bygningslova kan delast opp i rammeløyve og igangsetjingsløyve. Sistnemnde «*kan ikkje gis før vilkår i rammetillatelsen er oppfylt, ansvarsrett er tildelt og kontrollomfang er avgjort (...). Igangsettingstillatelse kan deles opp.*»

I rammeløyve datert 20.6.2018, saksnr. 137/2018, vart det stilt følgjande vilkår:

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

«Før det blir gitt igangsettingsløyve av arbeid med sjølve bygningen, må det liggje føre samtykke frå Arbeidstilsynet.»

Samtykke datert 10.07.18 er motteke her.

Vatn og avlaup:

Det er søkt om tilkopling til det kommunale vass- og avlaupsanlegget i søknaden om igangsetting del 1 den 26.06.18. Tilkopling som omsøkt er dermed i samsvar med pbl §§ 27-1 og 27-2 og godkjent i løyve av 27.06.18 i DS 145/2018.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan, versjon 3 journalført motteke 20.08.2018. Ansvarleg føretak står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl kapittel 23.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd løyve til igangsetting av resterande arbeid ved oppføring av driftsstasjon på gbnr. 22/260, Mjåtveit Næringspark. Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan, journalført 20.08.2018. Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1546

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

#### Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

#### Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Vedlegg:

Søknad om igangsettingstillatelse del 2 - GBNR 22/260 - Driftstasjon

E-postmelding - Søknad om igangsettingstillatelse del 2 - GBNR 22/260 - Driftstasjon

Vedlegg G-3 \_ Erklæring om ansvarsrett - Firesafe AS

Vedlegg G-2 \_ Erklæring om ansvarsrett - Donar AS

Vedlegg G-1 \_ Erklæring om ansvarsrett - BrannCon AS

Vedlegg G-4 \_ Erklæring om ansvarsrett - Og Arkitekter AS - nr2

Vedlegg G-5 \_ Erklæring om ansvarsrett - Teknisk Bureau AS

Vedlegg G-6 \_ Erklæring om ansvarsrett - TKS Heis AS

Vedlegg G-7 \_ Gjennomføringsplan ver. 3

Vedlegg I-1 \_ Arbeidstilsynets samtykke

**Vedlegg:**

Vedtak om samtykke på vilkår og gebyr GBNR 22/260 - Ny driftsstasjon

**Kopi til:**

Anngunn Marie Gullbrå

**Mottakrar:**

Og Arkitekter AS

Kanalveien 11

5068

BERGEN